

Krystalljakt i bjørnens rike.

Kvartsforekomster innen kartbladene Grong og Mosjøen

Torgeir T. Garmo

Kvartsofobi er truleg den mest utbreidde enkeltplåga blant norske mineral-samlarar. Sjukdomen er uhyre smittsom og spreier såvel ved synskontakt som ved svake rykte. Sjukdomen kan få elles sindige nordmenn til å bevege seg opptil fleire kilometer bort frå bilen og inn i ukjent villmark som elles er friområde for ei tvilsom gruppe av grunneigarar, krypskyttarar og naturvernalar. Møte mellom så ulike grupper har dei siste 25 åra førd til ei rekke konfrontasjoner samtidig som store mengder kvartskrystallar har vorte omplaserte frå sprekker og gangar i norsk utmark til uthus og gangar i urbane strok. Nokre få har endt på peishyller, i glassmontrar eller i salgsdiskar. Det blir påstått at Noreg er det einaste land i verda der misunnelsen er sterkare enn kjønnsdrifta, derfor skal eg flytja varleg på meg når eg nå skal seia litt om dei store kvartsforekomstene på NGU sine kartblad Grong og Mosjøen (1:250 000).

Som dei fleste samlarar kører også eg E6 nordover, og eg har tenkt å ta for meg forekomstmåte, parageneser og habitus for 4-5 av forekomstene, slik at det kan vera lettare å stadfeste dei mange prøvene som dukkar opp på norske messer, og som stundom kan vera bevisst feilnamna.

I sitt innlegg vil Lars Jørgensen ta turen innom Bergslia i Sørli, eg skal derfor starte med kvartsforekomsta i **Bjørhusdal i Namskogan**. Denne forekomsta ligg på vestsida av E6 og ikkje langt frå ei seter, og det er derfor rimeleg å tru at ho har vore kjend frå alders tid. I fylgje mine kjelder vart drusa opna ved at nokre lokale lærarar grov seg ned i lausmassene der eingong før siste verdskrig, og brødrene Svendsli fekk greie på forekomsta først på 70-talet.

Området er ei større sameige med eigen oppsynsmann, og han/dei er ikke spesielt glade for aktivitet i området. Ei stund var derfor veggen innover dalen groven av med grøft, nå er han i alle fall stengd med bom. Sjølv har eg to gonger teki kontakt med grunneigar for å få løyve til å arbeide der, og både gongene fått nei. Opplysningane mine om forekomsta er derfor henta frå andre.

Petrografisk ligg forekomsta i ein relativt finkorna granodioritt av kambriske alder (+/- 500 mill. år) i sørenden av Helgelandsdekket, og med horisontar av granat-glimmerskifer i nærleiken. Området har mektige overdekningar av lausmasser, det er myrlendt med låge kollar og få blotningar. Det er ingen synlege kvartsgangar eller breksjeringar i nærleiken, og den utgravne drusa er nå omlag 3m djup og syner nesten ikkje kvarts i sideveggane. Krystallane i forekomsta er vanlegvis 4-7 cm, men kan bli opp til 10-12 cm lange. Dei er halvklare til bortimot facettklare, men har som oftast eit tynt, mørkt (leire-?) mineral innvakse i den ytste huda på heile krystallen, og er ofte tvillingar, stundom trillingar med svært uregelmessige flater. I ein del av forekomsta har krystallane svakt sotfarga skyer i toppen. Matriks er ein stripete, glimmerrik gneis utan spor av andre mineral.

Den neste forekomsta ligg i **Namskogan kommune på austsida av E6**, men såpass langt unna allfarveg at ho er nærmast utilgjengeleg for dei fleste, omlag 7 timars gangtid i kvar retning. Forekomsta ligg i glisset skogslende med mykje bart fjell og i den same type granodioritt som i Bjørhusdal. Dei fleste bergartane i området er glimmergneisar og høyrer til Helgelandsdekket. Området er statsålmenning, og mykje brukta av samane som truleg har kjent til forekomsta frå alders tid.

Innan eit område på 40 x 100 m ser minst 5-6 større og ei rekke mindre druser ut til å vera knytte til mindre, delvis usamanhengande gangar av kvarts og

prehnitt. Innhaldet i drusene varierer sterkt, frå krystallar av mjølkekvars til facettklare. Mest kjende er likevel dei delvis klare krystallane opp til 20 cm (!) med orientert påvekst av raudt hematittstøv på 2, sjeldnare 3 flater Basis i matriksgruppene er oftast gul prehnitt, men ulike kombinasjonar av dei tre minerala syner at dei har hatt lange og delvis samanfallande vekstperioder. Habitus for kvartskrystallane i denne forekomsta er enkel (dauphine), og eg har ikkje sett tvillingar av noko slag her.

Vi dreg vidare nordover E6, og like etter Majavatn tek vi av austover mot **Fiplingdalen**. Kvartsforekomsta i **Bolkskaret** har vore kjend av dei fastbuande i lange tider, og Børgefjellskulen ved Nedre Fiplingvatnet har i alle fall i eit par tiår sendt elevane sine opp her for å plukke krystallar. Ein veltrakka stig frå vatnet fortel om stor trafikk. Forekomsta ligg i sida av eit daldrag med eit lite lorttjern ikkje langt frå Børgefjell Nasjonalpark. Så vidt eg forstår er arbeidet nå igang med å utvide nasjonalparken slik at forekomsta vil falle innanfor grensene. Området er statsalmennung og har til nå hatt lite oppsyn og restriksjonar sjølv om folk frå skulen tydelegvis har kjent eit forvaltaransvar. Krystallane har vore små og relativt klare, men stuffane har nesten alltid vore skjemde av mykje matriks og mange skadar. Så seint som i sommar vart det opna ei større druse med betydeleg betre materiale enn det eg har sett tidlegare.

Liksom dei to andre forekomstene ligg denne i Helglandsdekket, men bergarten rundt er her hovudsakeleg glimmergneis. Granodiorittten ligg likevel ikkje langt unna, og du finn han også som mindre slirer og horisontar i glimmergneisen. Stuffar herfrå har derfor glimmergneis som basis, men ofte med ein såle av kvarts under krystallane som sjeldan blir over 5-6 cm, unntaksvis opp til 12 cm. Frå eit par av drusene har krystallane eit bleikt raudskjer av finkorna hematitt (langt svakare farga enn frå Namskogan!), og ein enkel habitus med ei stor flate i toppen (dauphine). Spesielt for denne forekomsta er mange krystaller (og grupper av krystaller) med ein ny generasjon av orientert påvekst av mm-store kvartskrystaller og eit kvitt (leire-?)mineral.

Sidan vi alt er inne på denne vegen, er det naturleg å fylge han vidare til **Hattfjelldal**. På **Krystallhaugen i Hattfjelldal** vart det teki ut kvartskrystallar til bruk i radio alt før og vissnok under siste verdkrig. Berggrunnen i området frå Røssvatn, sørover mot Børgefjell og austover til grensa mot Sverige høyrer liksom i dei områda eg har skildra tidlegare til Helglandsdekket og har mykje granodiorittar og glimmerskifrar. I tillegg er området rikt på små og store ultramafiske kollar av serpentinit og gabbro. Kvartsforekomstene ligg utan unntak i fyllitt/glimmerskifer, og for ein mineralsamlar kan det sjå ut som om dei ligg i randsonene av dunittkroppane. Eg har dei siste åra vore innom tre større og i alle fall 5-6 mindre forekomster, og dette mønsteret ser ut til å vera vanleg.

Røssvatn ligg omlag 380 moh, og fjella på sørsida av Kruttådalen når opp i 1100 m. Krystallhaugen ligg i tett engbjørkeskog øvst i lia, dei andre forekomstene i øvste skogbandet og innover snaufjellet. På grunn av stor overdekning vil forekomster nær dalbotnen vera vanskelege å finne, men det er mange stadar ikkje langt mellom lausblokkene med krystallar! Fyrste gongen eg kom opp til dei 3 gamle "gruvehola" på Krystallhaugen var området overgrodd og muglegheitene syntest små til å gjera funn utan å sprengje i dei mektige kvartsgangane som da var muta av brødrene Svendsli. Sommaren 1990 såg imidlertid Harald Kvarsvik eit par mystiske sokk i lendet litt innanfor og tok til å grava der. Snart kunne han avdekke ei rekke parallelle, alpine gangar med til dels store druser fulle av grupper og fasettklare enkeltkrystallar opp til 15-20 cm. Dauphineform er vanleg, og ein del av krystallane er brasiliansertvillingar. Av andre mineral finst litt kvit adular og sjeldnare små pyrittkrystallar.

Ryktet om funnet spreidde seg fort. Ei rekkje samlarar frå inn- og utland la turen om Hattfjelldal, og da eg saman med Harald drog opp der i slutten av september same året, var heile døkta ned mot bekkjedalen groven opp i djupe veiter. I ettertid kan vi slå fast at dette kanskje var det største kvartsvarpet i landet vårt i vår generasjon?

Området er statsålmenning, og etter ein så sterk pågang og mykje skriving i lokal-avisene har skogforvaltaren i Mosjøen sett opp forbodsskilt mot graving/samling ved Krystallhaugen. Dette blir delvis overvaka, og fleire samlarar er jaga frå her siste åra !

Da trafikken vart for stor for Harald, tok han til å kikke etter nye forekomster. Alt året etter fann han ein ny gang med stort potensiale vel ein kilometer lengre austover. I fjor haust var det her arbeidd opp til seks meter inn i gangen, og dei store, ofte dobbelterminerte røykkvartsane på opptil 15-20 kg (unntaksvis opp til 120 kg!) kjem frå her. Hengen i denne "stollen" er nå heilt livsfarleg, men det er fullt mugleg å angripe frå andre stadar i gangen. Kvartsgruppene i denne forekomsta har ofte parallelltoppar og merkelege vekstformer, stundom med gwindelform.

Av dei andre forekomstene i området skal eg berre stutt nemne ei forekomst funnen av Lars Jørgensen sommaren 2002. Ei rekkje parallelle, 10-15 cm breie sprekkar vinkelrett på strøket i glimmerskiferen er fylde opp med kvarts og stundom kalsitt, og her står kvartskrystallane vinkelrett på sprekkretninga att og kan bli 5-10 cm lange. Krystallane som ofte er brasiliansertvillingar, er svakt røyk-farga og kan både i habitus og matriks minne om Hardangervidda. I eit par av sprekkan finst også anatas og brookitt i krystallar opp til 5-8 mm, og av sulfidar har vi funne pyritt, pyrrhotitt og chalcopyritt i gangane.

Skulle du bli lei av all kvartsen, kan det vera spennande å kikke litt nærmare på nokre av dei mange dunitknollane i nærleiken. Her har Lars saman med Elin Sagvold funne nydeleg, gjennomsiktig antigoritt, og i fjor også ei forekomst av kubiske magnetittkrystaller!